

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 10.07.2024
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: **Endring av lånesøknad til Årstadhuset i Helse Bergen og første fase av byggetrinn 2 i Helse Stavanger**

ARKIVSAK: 2024/572
STYRESAK: **086/24**

STYREMØTE: **28.08.2024**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret ber administrerende direktør om at tidlegare oversendte lånesøknader til Helse- og omsorgsdepartementet vedrørende finansiering av prosjekta Årstadhuset i Helse Bergen og første fase av byggetrinn 2 i Helse Stavanger blir endra til å omfatte 90% lån av ei kostnadsramme på P50.

Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF behandla i møte 10. januar 2024 Konseptrapport til følgjande byggeprosjekt:

- Sak 002-24 Vidareutvikling av Haukelandsområdet – Konseptrapport Årstadhuset i Helse Bergen
- Sak 003-24 Konseptrapport – Nye Stavanger universitetssjukehus, første fase av byggetrinn 2 i Helse Stavanger

I gjeldande låneregime kan ein søkje om lån tilsvarande 70 % av kostnadsramma basert på P85. I forslag som er fremma av regjeringa i Nasjonal helse- og samhandlingsplan er det føreslått at investeringslån til byggeprosjekt blir auka frå 70% av P85 til 90% av P50.¹

Dersom forslaget blir vedtatt av Stortinget, vil dei nye vilkåra kunne gjelde frå Statsbudsjett 2025.

Dette inneber følgjande mogleg endring i lånesøknaden til dei to prosjekta i mill. kroner:

	<u>frå 70% av P85</u>	<u>til 90% av P50</u>
- Sak 002-24 Årstadhuset Helse Bergen	574	596
- Sak 003-24 Første fase BT-2 Helse Stavanger	1 200	1 335

Administrerande direktør vil med bakgrunn i dette legge fram forslag om å endre innsendt lånesøknad hos HOD på dei to aktuelle prosjekta for å få tilgang til den auka likviditeten som dei nye lånevilkåra opnar opp for, gitt at dette blir desse blir vedtatt av Stortinget.

Kommentar

Helse Stavanger og Helse Bergen har i sine respektive styresaker lagt til grunn ein lånedel på 70% av P50 kostnads kalkyle. For Helse Stavanger utgjorde dette ei låneramme på 1,1 mrd. kroner og for Helse Bergen ei låneramme på 0,463 mrd. kroner. Helse Vest har i si behandling av ovannemnde styresaker i styremøte 10. januar lagt til grunn lån på 70% av P85 kostnads kalkyle. Denne inneber at søknaden til HOD om lån til desse prosjekta er meldt inn med 0,574 mrd. kroner til Årstadhuset i Helse Bergen og 1,2 mrd. kroner til første faser av byggetrinn 2 i Helse Stavanger.

Denne reserven mellom P85 og P50 skulle haldast tilbake i RHF-et, men kunne løysast ut etter søknad frå Helse Stavanger og Helse Bergen om dette skulle vere naudsynt. Ein utløyning av reserven ville krevja eiga styresak.

¹ P-verdi for kostnadsestimat uttrykker sannsyn i prosent for at prosjektet sin sluttkostnad vil vere innanfor denne verdien. P-verdiane er resultatet frå berekningane som er gjort i usikkerheitsanalysen av investeringskostnaden. P85 er verdien det er 85 prosent sannsyn for at prosjektet kan realiserast innanfor. Kostnadsramma blir ofte sett lik P85. P50 er den verdien det er 50 prosent sannsyn for at prosjektet kan realiserast innanfor. Styringsramma i eit prosjekt blir gjerne basert på P50-estimatet. Forventa kostnad er som oftast tilnærma lik P50-estimat og omgrepa blir ofte brukt om kvarandre.

I forslaget som er fremma av regjeringa i Nasjonal helse- og samhandlingsplan om å auke lånedelen frå 70 til 90%, er det lagt til grunn ein kostnadskalkyle på P50. Dette vil gje auka tilgang på likviditet til å gjennomføre byggeprosjekt. Sjølv om gjeldsbelastninga samt rentekostnader blir høgare i framtida, vurderer ein det likevel samla sett som positivt å sikre likviditet til å gjennomføre investeringane.

Dette inneber samtidig at innretninga med ein reserve i forskjellen mellom P85 og P50 ikkje lenger er aktuell. Helseføretaka må då bere heile risikoen for ei eventuelle overskriding i forskjellen mellom ei P85 og P50 kostnadskalkyle.

Dette er eit forhold som må takast omsyn til når ein skal vurdere den samla likviditeten i føretaksgruppa opp mot moglege risikofaktorar. For desse to prosjekta er dette vurdert til å ligge innafor den risikoen som Helse Vest samla sett er i stand til å handtere. Det blir her vist til omtala av risiko i ØLP som blei lagt fram i styremøte i juni 2024.

Helse- og omsorgsdepartementet har førespurt Helse Vest RHF om det er ønskeleg å endre lånesøknaden på dei to aktuelle prosjekta til 90% lån av P50-kalkyle, gitt at dei nye lånevilkåra blir gjeldande for statsbudsjettet for 2025.

I samråd med Helse Stavanger og Helse Bergen har Helse Vest RHF meldt tilbake til HOD at dette er ønskeleg, men at det må takast atterhald for styrets godkjenning på endring av lånesøknad.

Administrerande direktør vil tilrå at lånesøknaden til desse to prosjekta blir endra til 90% lån av P50 kostnadskalkyle. Forholdet rundt lånereserve i forskjellen mellom P85 og P50 utgår og helseføretaka må då handtere eventuelle overskridingar i forskjellen mellom P50 og P85 innafor eigen likviditet.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at tidlegare oversendte lånesøknader til Helse- og omsorgsdepartementet vedrørande finansiering av prosjekta Årstadshuset i Helse Bergen og første fase av byggetrinn 2 i Helse Stavanger blir endra til å omfatte 90% lån av ei kostnadsramme på P50.